REGION NORDHORDLAND

**Kommunalsjefgruppa - helse og omsorg**
Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy

# Referat

## Møte i kommunalsjefgruppa for helse og omsorg

| | |
|---|---|
| **Møte:** | 6 - 2018 |
| **Tid:** | 26.oktober kl. 13 - 15 |
| **Stad:** | Møterom Regionrådet |
| **Til stades:** | Olav Mongstad, Grete Herøy, Helga Ellingsen, Ove Sæbø, Ingebjørg Søreide, Leni Dale, Nina Kvamme, Heinz Diehl |
| **Ikkje møtt:** | Helge Kvam, Anne Hildegunn Færøy |
| **Møteleiar:** | Helga Ellingsen |
| **Referat:** | Ove Sæbø |

| Nr. | Sak |
|---|---|
| 35/18 | **Godkjenning av innkalling og saksliste**<br>Godkjent. |
| 36/18 | **Godkjenning av referat frå Møte 5-2018, 7.september**<br>Godkjent |
| 37/18 | **Planlegging av lunsj - lunsjmøte i desember**<br>– Praktiske avklaringar - overnatting, meny m.v.<br>Alle melder inn til Anne Hildegunn om ein skal overnatte eller ei. Avklare bestilling til Alver hotell.<br>Innspel til tema og saker:<br>• Velferdsteknologiprosjektet.<br>Vurdere andre kommunar inn i fortsettinga av prosjektet.<br>Fusa, Os og Austevoll er allereie med i anbodsprosessen. Drøfte intensjon om spreiing, bidra til å hjelpe andre i gang, økonomi. Kva prioriteringar skal gjerast framover? Drøfte val av responssenterløysing.<br>• Drøfte høyringsuttale til nasjonalt dagtilbod til demente, jfr. mogleg tilbod frå 01.01.20. sjå sak 40/18. |
| 39/18 | **Meldingssaker / eventuelt** (bytta rekkjefølgje med sak 38/18)<br>– KS læringsnettverk innan psykisk helse og rus - Vil kommunane delta på dette?<br>Alver deltar med fleire grupper. Masfjorden er påmeldt. Osterøy usikker, Modalen ikkje påmeldt. Masfjorden og Modalen vurderer å sende nokon saman. Fedje ikkje klare.<br>Oppstart er utsett grunna få påmeldingar. Mange kommunar var ikkje klare. |
| 40/18 | **Eventuelt:**<br>Helga: drøfting omkring nasjonal kartlegging vedr. dagtilbod til demente i kommunar, jfr. mogleg høyring/etablering av slikt tilbod frå 01.01.20. Krevjande spørsmål som m.o.t. til forståing av intensjon. Innspel om også inkludere andre enn denne gruppa i slikt fokus. Vidare på dette på neste møte (des. på Alver Hotell), jfr. sak 37/18. |

| | |
|---|---|
| **38/18** | **Velferdsteknologiprogrammet**<br>– informasjon om anskaffing /anbod (kl.14.00).<br>Til stades under denne delen: Heinz, Ove, Ingebjørg, Helga og Nina.<br>Merknad: Det er kalla inn til *styringsmøte.* Kommunalsjefgruppa vurderer med utgangspunkt i at det er sett av 1 time til dette i komm.sjefmøte at dette vert å sjå som eit *informasjonsmøte* om anskaffing/anbod.<br><br>Kari Bjørkheim, prosjektleiar saman med Anita Sævild, prosjektkoordinator og Elin Eikemo, prosjektmedarbeidar orienterte om;<br>- framdriftsplan for prosjektet.<br>- kva teknologi som inngår i anbodet, inkl. opsjon<br>- Drøfting omkring responssenter:<br>Dersom ein nyttar teknologi/leverandør som har det som valfritt kva responssenter ein nyttar, så inneber det ein mogleg ekstra integrasjon + kostnad.<br>Somme leverandørar av teknologi i anbodet er totalleverandør med underleverandør (inkl. responssenter).<br>Det vil vere ulike modellar; *responssenter* og *responsteneste*. Ulikt kva som er mest hensiktsmessig for den einskilde kommune og denne si organisering. Ein kan velje/velje vekk opsjonar i anbodet – og må vurdere kostnad/løysing.<br>- EPJ vart trukke fram, men dette har ikkje direkte relevans til anskaffinga.<br>- felles plattform for heile teknologiløysinga.<br>- oppfølging, support og lager. Kvar kommune må ha ei løysing for eit lite lager av somme produkt.<br>- Ta høgde for lisenskostnadar på produkt. Driftskostnadar i tillegg til kjøp.<br>- Leveranse og support: når kontrakt er inngått. Leverandør skal vere ein aktiv samarbeidspart.<br>- I 2019 brakar det laus! |
| | |